


# **Sandøy kommune-** under høg himmel med vid horisont



## **Rådmannens**

## **2. TERTIALRAPPORT 2014**

Behandlast i Sandøy formannskap 13.oktober, og Sandøy kommunestyre  
23.oktober 2014

## Innleiing

Sandøy kommune er framleis berre i innleiande fase av omstillingstiltak naudsynt for å innrette oss tilgjengelege rammer målsett for 2017. Nedbemanning i form av avvikling av mellombelse tilsetjingar, rullering av tilsette med fagkunnskap internt, samt permisjonar utan løn har vore hovudverkemiddel for å unngå faktisk oppseiing av tilsette i 2014. Ut i frå aldersprofil vil dette på sikt kunne gje oss tilgang på godt skolerte tilsette med verdfull erfaring frå andre organisasjonar når eldre arbeidstakarar går ut. Inntektssikring, livsgrunnlag for alle og behalde og utvikle fagkunnskap har vore styrande verdiar i omstillingsarbeidet. Desse verdiane vil og prege vidare omstillingsarbeid.

Einingane som starta omstillingsarbeidet tidleg i 2012 er kome lengst i arbeidet, og har vore gjennom tøffe tak. Det står respekt av omstillingsarbeidet og viljen til å tilpasse seg rammene gjort i mellom anna Helse og omsorg. 18 tilsette, tilsvarande 8,3 stillingar er tatt bort. I sentraladministrasjon og eining for teknisk har året så langt vore prega av vakanse i sentrale stillingar som gjev stor meirlast på dei som er igjen. I barnehageteneste er drift effektivisert, men omstillingsarbeidet har og fått drahjelp av lavare barnetal.

Undervisningsteneste har kome kortast i arbeidet, og grunnane er kjente. Det er gjort eit formidabelt arbeid så langt i år. Eit komprimert omstillingsarbeid i mykje større grad eksternt driven fram har gjeve utfordringar. Mykje er gjort, og effekten både i opplevd tenestekvalitet og økonomi er i svak betring. På litt lengre sikt vil tilsetteopplevinga bli betre, jobbnærvær auke og ein vil sjå auke i læringsutbytte og elevtrivsel.

Det merkast at det er blitt færre å bære bora. Nye tiltak må være klart målsett, ha rammer, gje meining og motivasjon for dei tilsette for å fremje vidare omstillingsarbeid. No treng alle einingar ro til å kome inn i ordinær produksjon, der omstilling vil skje meir teknologidreven og ved naturleg avgang.

I alle omstillingsprosessar er det vanskeleg å finne akkurat passeleg omstillingsfart. Nærleik og tryggleik til leiar og overordna styre, informasjon og medverknad, meningsfulle mål og verdsetting av den einskilde tilsette gjev drahjelp i slike prosessar. Vi må fremje kultur som har fokus på det som fremjar ønskja utvikling, og slå ned på det som tar fokus bort frå det viktige og ønskjelege. Dette gjerast i nær dialog mellom tilsette og leiarar. I omstillingsarbeidet så langt i år har prosess og lovverk gjort at samarbeid med arbeidstakarorganisasjonar og verneteneste er gitt høgast prioritet. Dette for å sikre godt ankra prosessar og vedtak i organisasjonen. Dette har fremja framdrift og arbeidsro internt.

Reduksjon i tilgjengelegheit og strengare vilkår for tildeling av velferd, gjev potensielle konflikhtar mellom tenestemottakarar som ventar meir, og ein teneste som må drive hard prioritering. Vilkår for tenestetildeling og omfang har blitt strengare. Rådmannen må prioritere tilgjengeleg kompetanse og kapasitet hardt for at vi skal kunne levere innanfor det fagleg forsvarlege og lovlege. Verken tilsette eller rådmannen synes dette er optimalt, men skal vi klare framtidens utfordringar må vi vende no. Det er ønskeleg å redusere konfliktsonene mellom tilsette som utførarar og brukarane av tenestene. Å levere mindre enn det som er ønskja frå begge partar er vondt, men naudsynt innanfor dei rammer vi har framover.

Kommunestyret må ha eigarskap til statlege politikk som styrar tenesteutviklinga, og slik gjev rammer til dei prioriteringar rådmannen er plikta til å fremje. Nivå og mål for tenestene er det opp til Kommunestyret å vedta. Skal omstilling framover skje utan kamp og strid må

Kommunestyret gå føre med klare mål, langsiktigheit i sine prioriteringar og klare økonomiske rammes. Skal utviklinga for samfunnet bli positiv må vi og framover fremje livsglede og tru på at det er her den einskilde tilsette og innbyggjar får det beste liv.

Samspelet i kommunestyret og samspel med rådmann har tidvis vert prega av omstillingsstress i 2014, og dette er ikkje heldig for å fremje positiv utvikling. I omstillingsperioden må det vere ei omforent forståing av at fordeling av samfunnet sine knappe ressursar i størst grad vil vere fordeling av ubehaget med uønskja tiltak, men med mål om å halde ein råd tråd i forhold til den retning som skaper det beste lokalsamfunn på sikt.

Kommunestyret har sett 4 nye mål for rådmannen som gjev klare føringar for kor rådmannen skal ha fokus og leie administrasjonen kommande år. Desse måla opplevast klart formulerte, lette å formidle, og forstå for organisasjonens indre liv og virke.

Som visjon og overordna målsetjing er det vanskeleg å gjere seg nytte av "Sandøy kommune- under høg himmel og med vid horisont" i omstillingsarbeidet. Visjonen viser til mogleiksrommet. Du kan snu deg og sjå langt i alle retningar, ha fridom til meningsutveksling og ulike val under ein høg himmel. Skal vi lykkast må leiarskap til retning og mål fremjast i Kommunestyret. Den retning kommunestyret tar leiarskap til, vil rådmannen følgje. I Sandøytun-prosjektet er det lansert visjonen "Sandøy – det levande sentrum ved starten av Nordøyvegen". Om dette er målet for samfunnsutviklinga, kva innhald må dette gjevast i alle tenester for å bli ein realitet? Kva er tidshorizonten for dette og kva skal prioriterast?

Grunna inntektssvikt og meirforbruk i Undervisningsteneste går vi mot eit prognostisert underskot ut året. I årets siste tertial er det ukjende faktorar som t.d. krav om høgare pensjonsavsetningar som kan verke til at resultatet vert meir negativt.

Frå rådmannsstolen medio september er det ingen signal som tydar på inntekter eller mindreforbruk som gjer det truleg at resultatet blir positivt ut året. Underskot må dekkjast inn i 2015 og 2016, om vi ikkje kan dekkje det med fond. Vert underskotet 4 millionar ut året er det avgrensa frie fond utan knytingar til Nordøyveg mm som er i rest.

Vi har eit avgrensa handlingsrom. Det er om ein ikkje veit kor ein skal at alle stiar er moglege og freistingane mange. Veit ein kor ein skal og kva ein har å hjelpe seg med-og er utstyrt med ein god porsjon vilje- er det utruleg kor ein kjem i mål. Vilje har ein Sandøying mykje av, og legg ein saman viljen til alle kan dette lokalsamfunnet kome seg akkurat der dei vil.

Steinshamn, 23.september 2014

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
Rådmann

# Økonomi

## Prognose ut året

Ansvar	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2.tertial*	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Ansvar 1 Overordna politikk, administrasjon, lege	18 112	16 652	11 871	18 222	18 284	0	62
Ansvar 2 Undervisningsteneste	18 833	16 368	11 775	15 668	18 268	3000	2 600
Ansvar 3 Barnehageteneste	9 574	10 040	5 454	9 540	8 790	0	-750
Ansvar 7 Kulturtenester	2 521	2 733	2 268	1 906	2 256	0	350
Ansvar 4 NAV Sandøy	1 872	2 395	935	1 945	1 945	0	0
Ansvar 5 og 6 Helse og omsorg	34 303	34 357	21 456	33 857	33 557	0	-300
Ansvar 8 Tekniske tenester	11 639	11 222	1 089	11 522	11 022	0	-500
<b>SUM</b>	<b>96 856</b>	<b>93 767</b>	<b>54 848</b>	<b>92 660</b>	<b>94 119</b>	<b>3000</b>	<b>1 459</b>
Ansvar 9 Inntekter, rammer, skatt	-96 856	-93 767	-55 770	-92 660	-90 160	2 300	2 500
<b>SUM</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-922</b>	<b>-</b>	<b>3 959</b>	<b>5 300</b>	<b>3 959</b>

\*rekneskap pr. 2.tertial er ikkje eit realistisk målpunkt pga. usystematisk periodisering av utgifter og inntekter.

Årsprognosen gjev indikasjon at rekneskapet vil få eit meirforbruk på kr. 3.962.000,- i 2014. Meirforbruket i einingane er på kr. 1.462.000,- og innanfor område 9 på kr. 2.500.000,-.

Avvika innanfor de forskjellige ansvarsområda er forklart seinare i dokumentet.

## Omstillingsprosessen – Prosjekt Spareplan

Arbeidet vart starta med k-sak 13/30 som eit omfattande organisasjonsutviklingsprosjekt. Det hadde mål om å setje tradisjonell og sedvanleg organisering av tenesteproduksjonen og samarbeidsformer under lupa.

Opprydding og avviking av blåkopitenking, betre internkontroll, fleire kontrollpunkt, grundigare evalueringsrutinar, smartare og meir kostnadseffektive arbeidsformar- punktlista kunne gjerast lang, men det var viktig å sortere ut eit sett kjerneområde felles for alle einingane, heile organisasjonen.

Utviklingsarbeidet ble avslutta i k-sak 14/15 22.mai 2014 i form av sluttrapport Prosjekt Spareplan, Sandøy 2014. Vedtak ble 11 mot 8 røyster "Sandøy kommunestyre tek PSP sluttrapport til vitande og legg den til grunn for budsjettprosess 2015, økonomiplan 2015-2018".

Mange av tiltaka lansert i PSP gruppene har blitt implementert i drifta og budsjett/handlingsplan 2014 for å klare omstilling og nedbemanning raskt nok i forhold til tilgjengelege rammer.

For å ha klare mandat i dette arbeidet har kommunestyret i møtet 22.mai og behandla "Samla kompetanseplan – nedbemanning og omstilling 2014-2017" som set rammer for naudsynt kompetanse gitt produksjon planlagt, og dei verkemidlar rådmannen har til rådvelde i dialog med dei som er råka av omstilling/ nedbemanning. Om ein ikkje kom i land med frivillige ordningar etter forhandlingar, behandla og kommunestyret i dette møtet "Retningslinjer for nedbemanning og omstilling" som konkretiserer korleis partane i arbeidslivet lokalt i Sandøy kommune tolkar og forventar at prosessar etter arbeidsmiljøloven skal gjennomførast.

Ut i frå dette rammeverk, og tilgjengeleg budsjetttramme og handlingsplan er organisasjonen i full gang med omstilling. Så langt er ingen oppsagt og det er funne løysingar ut over lovens minimum.

Arbeidet må fortsette ut året, og med prognosen for forbruk ut året i år er det pårekeleg med omstillingsarbeid også neste år.

Rådmannen set i verk følgjande frå 1.10.14:

- Gjennomgang av system for løn og arbeidstid ved Harøy skule.
- Tilpassing til sentral tariff og avtaleverk i Undervisningsteneste

## **Inntekter, rammer, skatt – status pr. 2. tertial**

### **Skatt og rammetilskot**

I budsjettet for 2014 ligg det føresetnad om vekst i skatt og rammetilskot på frå 2013 til 2014 på 2,5 %. Pr. 2. tertial er denne veksten på 1,2 %. Det har vore ein dårlegare skattevekst i heile landet enn siste anslag i revidert nasjonalbudsjett kor det er føresett en vekst på 3 %. I årsprognosen er det føresett at veksten tar seg opp ut over i året og at inntektene vil bli på budsjettert nivå. Usikkerheita når det gjeld korleis skatteveksten blir, er mest på den negative sida. Det betyr at det kan bli eit negativt avvik når året er omme.

Endring i folketal, frå 1285 ved årsskiftet til 1276 pr. 30.06.14, bidrar også i negativ retning for skatt og rammetilskot.

### **Finans**

#### Langsiktige finansielle midlar

Kommunestyret vedtok i sak 14/8 å endre finansstrategien, slik at risikoen for å tape noko av midlane blei redusert. Det innebar at andel av aksjeplasseringar blir redusert i økonomiplanperioden. Nedtrappinga har allereie starta i 2014 og inneber lavare løpende

avkastning.

Avkastning, som er lagt til grunn for 2014 på langsiktige finansielle midlar, er på 5 % og 10 % for hhv. renteplasseringar og aksjeplasseringar ut året. Når avkastning pr. 2. tertial og avkastningsføresetnader ut året blir lagt til grunn, ser det ut til å kunne bli eit negativt avvik på 2,5 mill. kroner innafor finansområdet.

#### Utbytte

Det blir ikkje utbetalt utbytte frå Sandøy Energi i 2014, noko som betyr bortfall av 1,2 mill. kroner som var føresett i budsjettet. På den andre sida er det ikkje budsjettert med renteinntekter frå ansvarleg lån til same selskap. Desse renteinntektene utgjer i 2014 knappe 0,7 mill. kroner. Totalt blir derfor avviket negativt på 0,5 mill. kroner.

#### Pensjon

Det er ein budsjettpost på 1,5 mill. kroner på område 9, og som skal ta høgde for auka netto pensjonskostnader i 2014. Nye oppgåver frå pensjonsleverandørane syner at det vil vere behov for å justere budsjettpostane for premiebetaling som ligg hos einingane og budsjettpostane for årets premieavvik og reversering av tidlegare års premieavvik på område 9. Det blir foreslått at rådmannen får fullmakt frå kommunestyret til å justere desse budsjettpostane. Det blir ingen nettoverknad av denne endringa.

#### Disposisjonsfond

Det er budsjettert med avsetning på 0,5 mill. kroner til disposisjonsfond. Når det ser ut til at regnskapet for 2014 vil bli negativt, vil ei slik avsetning bli stroke i forhold til rekneskapsreglane sine bestemningar. Rådmannen foreslår derfor at denne avsetninga ikkje blir gjennomført.

#### Prognoseavvik totalt for område 9

Finansforvaltning	2 500
Utbytte	554
Disposisjonsfond	-554
<b>Totalt</b>	<b>2 500</b>

\*I heile tusen

## Samfunn

<b>Befolkningsutvikling, Sandøy kommune 2014</b>	
Folketalet 1. januar	1285
Fødde	7
Døde	10
Fødselsoverskot	-3
Innflytting totalt	16
Derav frå utlandet	4
Utflytting totalt	22
Derav til utlandet	2
Nettoflytting inkl. inn- og utvandring	-6
Folkevekst per 30.6.14	-9
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>1276</b>

Folketalet verkar nært saman med ordretilgangen til næringslivet. Det er teikn til at fleire pendlar inn og ut dagleg, og slik gjer til at folketalet går ned enno sysselsetjinga er høg. Det vert hevda at meir pendlar- og utleigebustader kan gje auke i folketal, men det er ingen planar for snarleg realisering av slike bustader.

### Lokalsamfunnsutvikling

Arbeidet med kommuneplan arealdel pågår ved hjelp av ekstern konsulentbistand frå Nordplan AS. Planen kjem truleg til andre gong offentleg ettersyn i løpet av hausten 2014.

”Kaiutviding Steinshamn” i form av spleiselag med lokalt næringsliv er under gjennomføring, med pårekeleg ferdigstilling i løpet av seinhausten.

Nordøyvegen”. Fastlandssamband til Sunnmøre. Prosjektet er sendt til KU2 analyse i september og rapport frå ekstern revisjon vil pårekeleg vere klar i løpet av 6 månader. Møre og Romsdal fylke opplyser at det blir arbeidd parallelt med melding til Stortinget, som vonleg skal behandlast i løpet av vår 2015 med omsyn til endeleg finansiering,

LUK-prosjekt: Kommunestyret har skipa Lokalt utviklingsprosjekt (LUK) som skal sjå på potensialet med Nordøyvegen for Sandøy-samfunnet. Prosjektet har i seg mange undertema og det er skipa ei lokal styringsgruppe med representantar frå formannskapet, eldreråd, UKS, rådet for likestilling av funksjonshemma og næringslivet.

I regi av prosjektet er det sendt ein søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune om støtte til innkjøp av forskingsrapport som skal sjå på potensialet for Nordøyane (alle øyane i Haram kommune, samt Sandøy kommune som blir landfast når Nordøyvegen er realisert). Dette prosjektet er gjeve kr 200 000 i støtte frå Fylkeskommunen, og ein har gjennomført møte med ordførar, rådmann og representant frå næringslivet i Haram for å sikre forankring i begge kommunane for arbeidet.

Mulegheitsstudium Sandøytunet blei presentert på ope møte 19.juni i Sandøyhagen, og går til politisk behandling i september 2014 med sikte på oppretting av ordinært prosjekt med brei deltaking som byggjer på føresetnader i mulegheitsstudiet. Det er vist at med planlagd

byggjstandard kan energieffektiviseringspotensialet bli på 750 000 kwh per år, og vere eit solid bidrag i kommunen sin energi- og klimaplan..

#### **Målstyring av rådmannen 2014/2015:**

1. Vidare tilpassing av drift gitt mål for PSP prosess i 2013
2. Fortsett fokus på internkontroll, og standardisering av tenester innanfor gjeldande kvalitetsstrategi
3. Digitalisering av tenester i tråd med ein eKommune strategi for Sandøy og eKommune Sunnmøre. Vidare målsetting om å finne og utnytte dei tekniske fordelane som kjem framover, til det beste for drifta i vår organisasjon.
4. Prioritere å få gjennomføre medarbeidersamtaler i heile organisasjonen, slik at dette kan bli ein god tryggleik for medarbeidarane framover

Rådmannen sine mål vert ført vidare til leiaravtalane til einingsleiarane og i styringssystemet til alle med fullmakter til å drive og utvikle kommuneorganisasjonen. Måla vert slik styrande for heile organisasjonen.

#### **Næringsarbeid**

- Frå dette ansvarsområdet, med heimel i politisk vedtak, blir det årleg gitt eit beredskapstilskot til det lokale drosjeselskapet, Nye Harøy Taxi, på kr. 150.000.- Dette er utbetalt for 2014. Det må avklarast politisk i god tid om Nye Harøy taxi kan rekne med dette i årleg støtte. Eit bortfall av denne inntekta opplyst av eigar å ta bort driftsgrunnlaget.

#### **Kyrkjelege formål**

- Utbetaling av støtte til andre religiøse trussamfunn med kr 50 000 er ikkje effektuert hausten 2014, men vil bli gjort i 3.tertial.
- Signal frå kyrkjeverje i august 2014 er at dei ikkje er i rute med innføring av festeavgift frå 2015, og inntekt budsjettert med i økonomiplan er ikkje påreknleg.
- Status rehabilitering elektrisitet og brannvarsling Sandøy kyrkje?

#### **Barne- og ungdomssatsing**

Sandøy kommune har eit sterkt barne- og ungdomsfokus. Barn- og ungdomsretta tiltak er i drift, nær som Kvalen ungdomsklubb som har vore noko ustabil i drifta grunna bemanninga.



## Medarbeidarar og organisasjon

### Sjukefråvær

Har auka samanlikna i år målt mot same periode i fjor. Del av arbeidsstokken som til ei kvar tid er borte grunna sjukdom har auka frå gjennomsnittleg 5,2 % per dag, til i år 6,9 %. Sjå tabell nedanfor:

Ansvar	2.Tertial	1.Tertial	2013	2012
100-199 Stab støtte med meir	1,9	0,5	3,9	3,1
200-299 Skule med meir	9,2	14,7	10,4	8,0
300-399 Barnehage med meir	6,8	16,1	7,8	7,5
400-499 NAV med meir	0,0	1,5	2,5	0,4
500-699 Helse og omsorg	4,9	5,7	4,7	4,9
700-799 Kultur med meir	15,2	0,1	0,0	0,0
800-899 Teknisk med meir	3,3	7,0	2,0	2,5
<b>Samla</b>	<b>6,9</b>	<b>6,52</b>	<b>6,1</b>	<b>5,5</b>

Det er grunn til å tru at vi har hatt svikt i rapporteringsrutinar tidlegare år, og at statistikk frå tidlegare år ikkje gjev riktig bilete for større eining.

### Organisasjonsutviklingstiltak

- Kompetansekartlegging er gjort for heile organisasjonen, vedteke av kommunestyret og leggjast til grunn for vidare rekrutterings- og omstillingsarbeid.
- Heile organisasjonen har under vurdering å ta i bruk elektronisk tidsregistreringssystem for å betre kontroll med løns-, fråværs og personalarbeid. Samkøyrast med eKommune Sunnmøre og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.
- Kvalitetskontroll og gjeldande kvalitetsstrategi er styrande for organisasjonen sitt arbeid
- Bedriftshelseteneste er avtalt med Medi 3 og arbeidet er sett i gong etter plan. Nært samarbeid med einingar og AMU.

## Tenestene

### Politikk, sentraladministrasjon og fellestenester – status per 2.tertial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 1	18 112	16 652	11 871	18 222	18 222	0	62

#### Økonomi:

Pt er det eit mindreforbruk i området knytt til vakanse i stilling i 100 % rådgjevar i stab. Desse midlane vil måtte nyttast til innleige av ekstern kapasitet og kompetanse til beredskapsoppgåver for å lukke avvik i tilsyn frå Fylkesmannen på overordna krise- og beredkapsarbeid, pågåande arbeidsrettslege prosessar og overordna økonomi/ finansforvaltning.

#### Medarbeidar:

Vakanse i 100 % rådgjevarstilling gjev for lite kapasitet på personal/ HR, arbeidsrett, beredkapsarbeid, næringsarbeid.

Økonomisjef har sagt opp si stilling og slutta 1.9. etter 33 års arbeid for Sandøy. Han har siste året hatt permisjon frå si stilling. Oppseiing utløyste fast tilsetjing for to tilsette ved økonomikontoret i noverande funksjonar. Dei har vore mellombels tilsette i desse funksjonane med opsjon på fast tilsetjing om han ikkje kom tilbake.

Rådmannen følgjer opp overordna økonomi og finansforvaltning med Ålesund kommune, samt dekkjer mest presserande oppgåver knytt til personal og beredskap sjølv. Ikkje heldig, og gjev stort timeforbruk på ettermiddag, kveld og helg utover det avtalte som skulle ligge til rådmannsoppgåva. Tek fokus og krefter frå leiaroppgåva der heile organisasjonen vert skadelidande.

Avtale om arkivavlevering til IKA Møre og Romsdal er inngått i tråd med kommunestyrevedtak og effektuerast haust 2014. Vil frigjere kapasitet på Sørviskontor til kapasitetsauke andre oppgåver med omsyn til digitaliseringsstrategi, endrings saks- og arkivsystem, oppfølging av politiske organ.

Svært høgt arbeidsnærvar 2.tertial, vil endre seg noko i 3.tertial grunna planlagd operasjon.

Næringsarbeid overflytta til NAV Sandøy frå 1.9.2014 for å gje fast organisering på desse oppgåvene. 5 % av administrasjonsutgifter kan belastast næringsfondet og slik dekkje utgiftene.

**Tenesteproduksjon:**

Prega av omstillings- og nedbemanningsarbeid i heile organisasjonen.

Mykje arkivarbeid og dokumenthandtering knytt til politisk aktivitet og intern møteaktivitet. Samanfallande i tid med vakanse i nøkkelstilling med mange funksjonar. Arbeidsoppgåver er blitt overført mellom bels på andre tilsette med påfølgjande opplæringsbehov og endring i årshjul og eksisterande arbeidsfordeling.

Utprega fleksibilitet internt i stab og bruk av personell der det er mest prekært behov for hjelp.

Det har skjedd avklaring av mellombels driftssituasjon økonomikontoret. Økonomisjef returnerer ikkje. Utløyser opsjon på fast tilsette for begge tilsette i 100 % stillingar ved økonomikontoret. Gjev og behov for varig avtale med Ålesund kommune om tenestekjøp på overordna økonomi- og finans, då dette ikkje vert tilstrekkeleg ivareteke innanfor eigen kompetanse og kapasitet. Oppstarta forhandlingar med Ålesund kommune om varig, formalisert tenestekjøp på heilskapleg styring økonomiområdet, der tilsette lokalt i Sandøy er ivareteke fagleg og med omsyn til forsvarleg arbeidsordning.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sin krise- og beredskap i juni, og vi har fått pålegg om å lukke avvik. Overordna beredskapsoppgåver treng meir kapasitet og kompetanse for å gjere dette. Arbeider med interne løysingar, men må og sjå om naudsynt å kjøpe tenester eksternt.

Førespurt nabokommunar om hjelp og på personal og beredskap for varig avlastning ut i frå behov. Behov er jamt over ikkje tilsvarende full stilling heile året, men pt er behovet av stort omfang. Har så langt ikkje lykkast i å få tilgang på kompetanse og kapasitet naudsynt.

Rådgjevar i 30 % stilling utleigd til eKommune Sunnmøre strategi og bestillarledd har hatt lavare utleige så langt i år. Dette grunna stort internt behov for kapasitet med omsyn til IKT driftstekniske problem, ombygging av system og mykje telefonitrøbbel. Dette har og gjort at avtale med eksterne konsulent IKT Lan X har vore vidareført til no, i tillegg til driftsavtale Ålesund. Ut året vil arbeidsinnsatsen til rådgjevar i større grad måtte prioriterast eKommune for ikkje å svekkje budsjettføresetnader og framdrift i arbeid der.

Ombygging IKT er ikkje like prekær og krevjande pt. telefoniproblem skal vere løyst, slik at eKommune drift skal vere i stand til å løyse dei problem vi har i tråd med samarbeidsavtalen.

**Prioriterte område:**

Sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse innan overordna økonomi, personal og beredskap, samt avlevere arkiv i tråd med vedtak.

Halde oppe omstillingsarbeidet med tilstrekkeleg kompetanse og fart gitt mål og rammer. Rådmannen sitt fokus må vere på leiaroppgåva og ikkje låst i utføraroppgåver i drift.

## Oppvekst og kultur – status per 2.tertial

- Utviklingsprosjekt Oppvekst og kultur starta opp 1.11.13 og vart avslutta med politisk behandling i form av omorganiseringsvedtak i kommunestyret 22.mai 14. Ny samla eining Oppvekst og kultur samlar tidlegare einingar Undervisning, Barnehage og kultur frå 1.8.2014 med felles einingsleiar.
- Einingsleiarstilling Oppvekst og kultur var utlyst eksternt og Karin Grytten tilsett medio juli, med tiltreding frå 1.8.2014
- Rektor Harøy skule og styrar Harøy barnehage var utlyst internt og eksternt om det ikkje var kvalifiserte interne søkjarar.
- Ingrid Huse kom på plass frå 1.8. som styrar ved Harøy barnehage
- Kristin Huse tok til frå same tid som pedagogisk utviklingsrådgjevar i stab under einingsleiar Oppvekst og kultur i 70 % prosjektstilling som vil gjerast fast om erfaringane er positive første året.
- Rektor ved Harøy skule kom på plass frå 19.august i form av konstituering av Nina Sæterøy mens stillinga blir lyst ledig på nytt.
- Grunna sjukdom er inspektør Eva Fjertoft ute per primo september og Vibeke Ask konstituert i hennar sjukefråvær i 50 % stilling.
- Det er og engasjert 20 % teamleiar kulturoppgåver (mellom anna UKM, kulturskule, arrangement mm) samt arbeidast med å få på plass teamleiarar i grunnskule.

## Undervisningsteneste – status per 2.tertial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 2	18 833	16 368	11 775	15 668	18 268	3 000	2 600

### Økonomi:

Undervisningstenester ligg an til eit meirforbruk på kr. 2 600 000 for andre tertial 2014

Avviket skuldast større lønsutgifter enn budsjettet. Leiinga har redusert talet på tilsette frå 01.08.14 med totalt 3,5 årsverk To årsverk går bort i studiepermisjonar, tillitsvalarbeid og redusert undervisningstid grunna 55+ og 60+

### Medarbeidar:

Rektor er konstituert fram til 01.01.15, det er gjort utlysing etter rektor i fast stilling. Å gå med eit meirforbruk er krevjande for dei tilsette. Omorganisering og fokus på nedbemanning gjev slitasje på tilsette. Leiinga arbeider med jobbnærvær og tettare oppfølging av sjukemelde. Skulen samarbeider med Medi3 i dette arbeidet.

To tilsette tek vidareutdanning innan matematikk 1-7 klasse

**Tenesteproduksjon:**

Vedtak om endring i organisering oppvekst og kultur gjev store utfordringar knytt til store endrings- og utviklingsprosessar, samt manglande ressursar i administrasjon på overordna nivå vår 2014. Dette har fått konsekvensar for nokre av målsetjingane i gjeldande handlingsplan og det vil få konsekvensar for val og prioriteringar for målsetjingar i ny handlingsplan.

Det er avvik på handlingsplanen på prioriterte tiltak. Det er ikkje gjennomført tilstandsrapport for 2014, grunna arbeid med omorganisering og lite bemanning i administrasjon. Dette vil bli utsett til våren 2015 og sendt til politisk handsaming før sommar.

Systematisk arbeid med internkontroll, personaloppfølging og planarbeid er redusert grunna lågare kapasitet i administrasjonen våren 2014.

Omorganisering er gjennomført og ein arbeider med å få til gode system og rutinar på både overordna nivå og på driftsnivå.

Administrasjon arbeider med å få på plass ein plan for elevane sitt psykososiale miljø, samt gode system og rutinar rundt dette arbeidet.

Tilsette ved skulen føl kompetansehevinga både i det interkommunalt samarbeidet (Sunnmøre regionråd) og internt på skulen.

Fokusområde er å betre elevane sin motivasjon og eleven sitt læringsutbytte. Prioritering er "vurdering for læring" og "ungdomstrinn i utvikling".

Administrasjon og styring vil vere retta mot nasjonalt tilsyn som er varsla

Andre fokusområde er tidleg innsats, rett hjelp til rett tid.

Skulen har ein lærling i barne og ungdomsarbeidarfaget

Elevtallet har hatt ein liten nedgang til nytt skuleår.

**Prioriterte område:**

- Fokus på drift og arbeidsmiljø i omstilling til ny eining og driftsramme 2015
- Budsjett og handlingsplan 2015
- Arbeid med kompetanseheving i personalgruppa innan "vurdering for læring" og "ungdomstrinn i utvikling"
- Eleven sitt psykososiale miljø etter opplæringslova § 9
- Arbeid med system og rutinar
- Planarbeid

## Barnehageteneste – status per 2.terial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 3	9 574	10 040	5 454	9 540	8 790	0	-750

### Økonomi:

Barnehagetenester ligg an til mindreforbruk på kr. 750 000 for andre tertial 2014

Dette skuldast:

Omorganisering av einingane innan oppvekst og kultur, gjer at lønsmidlane på administrasjon på barnehageområdet vart redusert.

Drifta er redusert med to heile stillingar, men vi har måtta inn med litt styrkingstiltak.

God kontroll på innkjøp og utgifter.

Barnetalet har hatt ein liten nedgang

Siktemålet er å justere forbruket etter kommande varsla ramme i 2015 og økonomiperioden, der ein tek inn også pris og lønsvekst.

### Medarbeidar:

Leiinga arbeider med jobbnærvær og tettare oppfølging av sjukemelde. Barnehagen samarbeider med Medi3 i dette arbeidet.

To assistentar tek vidareutdanning og skal ta fagprøve no i haust innan barne og ungdomsarbeidarfaget.

Barnehagen har ein lærling i barne og ungdomsarbeidarfaget

### Tenesteproduksjon:

Vedtak om endring i organisering oppvekst og kultur gjev store utfordringar knytt til store endrings- og utviklingsprosessar, samt manglande ressursar i administrasjon på overordna nivå vår 2014. Dette har fått konsekvensar for nokre av målsetjingane i gjeldande handlingsplan

Avvika går på revidering av vedtektene, personaloppfølging, systematisk vedlikehald av internkontroll, revidering og oppdatering av rutine og prosedyre.

Avvik på §18 i barnehagelova, andre halvår. Barnehage har ikkje lukkast i å skaffe nok utdanna førskulelærarar for andre halvår, og har fått innvilga søknad om midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet på ein stilling fram til 01.01.15

Omorganisering er gjennomført og ein arbeider med å få til gode system og rutinar på overordna nivå.

Barnetalet i barnehagen har gått ned etter siste barnehageopptak.

**Prioriterte område:**

- Fokus på drift og arbeidsmiljø i omstilling til ny eining og driftsramme for 2015
- Budsjett og handlingsplan 2015
- Tidleg innsats, interne rutinar
- Observasjon, vurdering og dokumentasjonsarbeid

## Kulturelle tenester – status per 2.tertial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 7	2 521	2 733	2 268	1 906	2 256	0	350

### Økonomi:

Kulturelle tenester ligg an til eit meirforbruk på kr. 350 000 for andre tertial 2014  
Rekneskapen for andre tertial viser ein mill. meirforbruk, dette skuldast at ei rekning frå romsdalsmuseet skal først på drift. Dette vil bli retta til årsmelding.

100 000,- skuldast omorganisering innan oppvekst og kultur og at noko av lønsmidlar på administrasjon vert ført på kultur. Dette er det ikkje budsjettert med.

Usikre moment er lønsutgifter på bygdebokforfattar.

Bygdebokprosjekt er ikkje avslutta etter budsjettføresetnad og det vil medføre større lønsmidlar enn budsjettert. Estimert ca 250 000,-

Bygdebokprosjektet er forsinka og det medfører at vi ikkje får inntekter på bygdeboka i 2014.

### Medarbeidar:

Ingen merknad

### Tenesteproduksjon:

Kulturskulen går etter måla i handlingsplan.

Ingen søknad så langt om spelemidlar. Harøy IL har varsla at dei ønskjer å rehabilitere Harøy stadion, og vil som driftar søkje Sandøy kommune som eigar om at dette blir prioritert. Prosjektet har ein totalkostnad på kr 8 millionar, der idrettslaget vil stå for 1/3, privat næringsliv 1/3 og Sandøy kommune består for forskotering spelemidlar og prosjektleiing tilsvarande ca 1/3. Sak kjem truleg i 3.tertial 2014.

Bygdekinoen har avtale med kommunen om å ha framsyning ca ein gong i månaden, og dette gjennomførast i tråd med plan. Einingsleiar arbeider med å få til ein driftsmodell med 9.klasse og føresette om fast drift av tilbodet der dei får inntektene til klassetur. Dette gjer at kommunen ikkje må ha eiga bemanning i bygget under framvisning.

Kvalen var i noko drift våren 2014, og vil vonleg opna etter haustferien om vi finn bemanning eller anna driftsform saman med foreldra. Administrasjonen arbeider i lag med UKS for å få opna Kvalen.

MAKS er i drift på same nivå som 2013

Omorganiseringa er gjennomført og ein arbeider med å få til gode system og rutinar på overordna nivå.

Talet på elevar og tilbod i kulturskulen er stabilt, og knytt til musikkaktivitet og drill.



**Prioriterte område:**

- Vedlikehalde kulturskuletilbodet og bibliotektilbodet
- Gjennomgang av drifta i MAKS
- Arbeid for å opne og drifte ungdomsklubben Kvalen

## Helse- og omsorgsteneste – status per 2.tertial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 5 og 6	34 303	34 357	21 456	33 857	33 557	0	-300

### Økonomi:

Helse- og omsorgstenester ligg an til eit mindreforbruk på ca. kr. 300 000 for 2014. Det er usikre faktorar som gjer at ein ikkje kan gå fram med betre resultat.

Dersom ein del usikre faktorar slår til i positiv retning, sjukefråver, tilskot m.v. kan resultat bli ytterlegare mindreforbruk. Siktemålet med å gå mot positivt resultat for 2014 er å halde ramma, og redusere behov for ytterlegare nedbemanning for 2015.

### Medarbeidar:

Folkehelsekoordinator 75% har fått permisjon utover gjeldande permisjonsreglement.

### Tenesteproduksjon:

Det er avvik på utsending av vedtak på saker. Dette arbeidet har ikkje hatt nok merksemd i året, grunna store behov for omstilling, ikt vanskar og prioritering av faktorar som fremjar jobbnærvær. Eininga er i ein situasjon med høge krav til omstilling og nedbemanning for å halde ramma som er sett for verksemda. Nærværarbeidet er vesentleg for å kunne omstille i den takt som ramme for verksemda utfordrar oss på. Avviket vil bli lukka hausten 2014.

Jordmor ressurs vert i større grad nytta til helsesøsteroppgåver i skulen, grunna lågare tal på gravide.

### Prioriterte område:

- Kontinuerleg omstilling for å tilpasse ramme for 2015
- Internrevisjon sak/tenester
- Oppstart demensteam
- Budsjett og handlingsplan 2015 - 2018

## NAV, barnevern, rus og sosialtenestene – status per 2.tertial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 4	1 872	2 395	935	1 945	1 945	0	0

### Økonomi:

Budsjettet er stramt. Men dersom det ikkje vert vesentleg auke i utgifter til sosialstønad eller økonomiske tiltak i barnevernet, vil budsjetttramma for 2014 halde.

### Medarbeidar:

Det er 4 tilsette ved kontoret; 2 statlege og 2 kommunalt tilsette. Den kommunale ressursen er frå 1.9.2014 på 200%. 20% av dette er i permisjon fram til 31.8.15.

Sjukefråværet i kontoret er lågt. Har ikkje hatt legemeldt fråvær i år, berre nokre få eigenmeldingsdagar.

### Tenesteproduksjon:

Brukarane vert følgd opp i samsvar lov og retningsliner. Vi har god måloppnåing i vårt oppfølgingsarbeid. Brukarundersøkingar gjennomført i kontoret, syner at brukarane generelt er godt fornøgd med dei tenestene dei får.

Tenestene vert utført innanfor dei fristar som er gjevne.

Frå 1.9.2014 har vi tatt over arbeidet med Næringsfondet i Sandøy kommune. Kompetansen er ikkje på plass enda. Opplæring skal gjennomførast i løpet av dei komande månadane. For å kunne utføre dette arbeidet og arbeidet med Husbanken sine låne og tilskotsordningar, har vi fått auka ressursar til kontoret tilsvarende 20% stilling. For å kompensere for meirkostnadane med næringsfondsarbeidet, kan kommunen nytte inntil 5% av løyvinga til det kommunale næringsfondet. Dette skal delvis dekkje våre administrasjons- og gjennomføringskostnader. Både løn, sosiale utgifter og reisekostnader m.m., kan dekkjast.

### Prioriterte område

- Samarbeid lokalt næringsliv med faste møte
- Kvalifiseringstiltak for arbeidssøkjande, særskild prioritet ungdom under 25 år med omsyn til rask avklaring og tilgang til aktivitet/ tiltak
- Kompetanseheving i samarbeid med lokalt næringsliv

## Infrastruktur – Teknisk – status per 2.tertial

Ansvars område	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Rekneskap pr. 2 tertial	Budsjett 2014	Prognose 2014	Avvik 1 T	Avvik 2 T
Område 8	11 639	11 222	1 089*	11 522	11 022	0	-500

\*rekneskap pr. 2.tertial er ikkje eit realistisk målpunkt pga. feilaktig regnskapsføringar. (Dette blir snarlig korrigert)

### Økonomi:

Prognosen er noko usikker, men det er sannsynleg at teknisk vil kunne avslutte regnskapet for 2014 med eit mindreforbruk på om lag 500 000.- Dette skyldas i hovudsak mindre lønsutgifter på grunn av vakansar og lågare straumpris enn det budsjettet tek høgde for.

### Medarbeidar:

Ingen merknad

### Tenesteproduksjon:

Det har vore vakanse på byggesak store deler av 2014. Dette har medført dårlegare service og tilgjenge for publikum. Mykje av denne delen av verksemda består av rettleiing i meir eller mindre kurante saker.

Leiar har teke mykje av saksbehandlinga og rettleiinga, samt at vi har fått til eit engasjement på ca 30%, der den svært røynde byggesaksbehandlaren Agnar Opstad er inne og tek byggje- og delesaker.

Stort fokus på saksbehandling og produksjon har ført til at andre overordna oppgåver ikkje er utført. Tilsette har ikkje fått god nok oppfølging. Manglande strategisk tenking og langsiktig planlegging medfører at vi taper på sikt.

Vi klarer ikkje å produsere planer som er påkravd for å få ut tilskot (mellom anna trafikktryggingssplan og brannsikringsplan for trehusbebyggelsen).

Vi har ikkje teke sjansen på å forsøke å rekruttere inn ny saksbehandlar på heiltid på grunn av stor usikkerheit omkring framtidig økonomisk ramme.

## Drift- og investeringstiltak

		Ansvar	Status	Kommentar
Implementering av FAMAC	Drift	870	Innført	Innføringa av FDVU-systemet Famac har vore vellykka. Skal i 2014 utvidast med fleire modular.
Aggregat skule/bhg	Prosjekt	830	Ikkje oppstarta	Blir prioritert i 2014, dersom interne prosjektstyringsressursar strekk til.
Turstiar	Prosjekt	840	Ikkje påbegynt.	Blir ikkje prioritert i 2014, pga manglande ressursar i teknisk.
Vedlikehald utvendig på møteplass.	Drift	850	Ikkje påbegynt.	Må sjåast i samanheng med ombygging/nybygg.
Utredning om- / nybygg Sandøytunet	Prosjekt	850	Under arbeid.	Blir utreda vidar ihht. vedtak 11.09.14
Fagsystem for feing	Prosjekt	861	Ikkje påbegynt.	Har etterspurd pris, må leggest fram som forslag til investering 2015.
Matrikkelretting	Drift	871	Ikkje fullført.	Det er framleis mykje feil og manglar i Matrikkelen, manglar ressurs til å prioritere dette.
Adresseringsprosjektet	Prosjekt	871	Påbegynt.	Namn på alle vegar er vedtatt i kommunestyret i 2014, Matrikulering av adresser, utsending til alle, og skilting står att.
Behandle byggesaker og regulerings saker innafor tidsfristar.	Drift	872		Byggesaker har pga vakanse ikkje vore behandla innafor tidsfristar i heile 2014. Det er stort etterslep på regulerings saker.
Vassforsyning – planlegging/regulering høgdebasseng.	Prosjekt	873	Ikkje påbegynt.	Må truleg kjøpast inn frå konsulent pga ressursmangel, innhenta tilbod.
Vassforsyning – Hovudplan for vassforsyninga	Prosjekt	873	Påbegynt	Blir laga av COWI AS i samband med pågåande prosjektering av ny vassleidning Myklebust-Røsok.
Vassforsyning – Etablering av VA-Kart	Drift	873	Ikkje påbegynt.	Må truleg kjøpast inn frå konsulent pga ressursmangel.
Vassforsyning – Oppdatering HMS	Drift	873	Ikkje fullført.	Er ikkje prioritert pga ressursmangel.
Avløp Ona Syd	Prosjekt	874	Ikkje påbegynt.	Blir ikkje prioritert i 2014, pga manglande ressursar i teknisk.
Overføring av miljøstasjonsdrifta til ÅRIM	Drift	875	Ikkje fullført.	Blir truleg frå 1.1.2015.
Brann-ROS og brannordning	Drift	878	Ikkje påbegynt.	Blir prioritert i 2014, dersom interne prosjektstyringsressursar strekk til.
Grunnkurs deltid for brannmannskapet	Prosjekt	878	Påbegynt	Førebuing til kurs er i gang, kurset vil gå frå sept 2014 til april 2015.
Industri- og fiskerikai	Prosjekt	880	Påbegynt	Oppstarta april 2014.
Trafikktryggingssplan	Drift	882	Ikkje	Blir prioritert i 2014, dersom interne

			påbegynt.	prosjektstyringsressursar strekk til.
Reasfaltering av fylkesvegar	Prosjekt	882		I følge Vegvesenet i møte des.2013 vil det ikkje bli lagt asfalt på fylkesvegar i kommunen. Enkelte strekningar vil gå tilbake til grusveg og andre må truleg stengast for tyngre køyrety pga. sterk slitasje og setningskader.
Utskifting til LED-gatelys	Prosjekt	883	Påbegynt	Går etter planen, skal vere fullført i løpet av første halvår 2015.

**Prioriterte område:**

- Budsjett og handlingsplan 2015- 2018
- Vassforsyning

# Vedlegg

Her følger oversikt i tabellform over progresjon og tiltak prioritert i gjeldende handlingsplan. Politiske vedtak vil komme til i løpet av 2014. Då rådmannen framleis arbeider med målen for rapportering, har desse tabellane ikkje den utsjånaden og ønskjer pt. Dette vil det bli arbeidd vidare med fram mot Årsmelding 2014 då det ikkje har vore kapasitet til meir no.

Tiltak / Vedtak	KS-nr	Område	Status	Kommentar
<b>SAMFUNN</b>				
Ressursstyring		I	I gang	Fokus på ressursstyring: Økonomi, budsjett disiplin – drift og investering
Næringsutvikling og næringsssamarbeid		I	Ikkje gjennomført	Etablere konstruktive samarbeidsrelasjonar med næringslivet for å utvikle strategiar for omdømmebygging, rekruttering og OPS (Offentlege og private prosjekt)
			Ikkje gjennomført	Gjennomføre jamlege bedriftsbesøk saman med politisk leiting
			Ikkje gjennomført	Revitalisere og oppdatere samarbeidsplanen for skule/barnehage og næringsliv:
			Ikkje gjennomført	Program for lokalbasert yrkesrettleing
Kyrkjelege føremål Godt samarbeid bygd på verksemda som eige rettsleg subjekt, sin uavhengige økonomi og integritet.		I	I gang	Sandøy kommune gjev årleg driftsmidlar til kyrkjelege føremål i tråd lov
Andre religiøse trussamfunn			Kyrkjeverje har kontorstad Rådhuset. Ingen formaliserte møtepunkt pt Gjennomførast	Jamnleg kontakt mellom dei respektive administrasjonane og politisk leiting.
				Støtte for 2014 vil bli utbetalt i 3.tertial

## MEDARBEIDAR OG ORGANISASJON

Arbeidsgjevpolitik	Aml		Gjennomført	<p>Heiltid for tilsette som ønskjer det er eit utviklingsmål: Har hatt fokus i PSP prosess</p> <p>Heile organisasjonen vil ta i bruk elektronisk arbeidsplanverktøy for betre internkontroll med løns-, fråværs og jobbnærvar: Under samordning i strategi og bestillarleidd eKommune Sunnmøre</p>
	KS 13/ 22		I gang	<p>Gjere IKKS kvalitetssystem kjønt og brukt i heile organisasjonen: Har fokus, men ser at vi må ha nytt kvalitetssystem. Under samordning i strategi og bestillarleidd eKommune Sunnmøre</p>
			Gjennomført	Gjennomgang av administrativ organisering i 2014. Gjennomført omorganisering Oppvekst og kultur.
HMS	IA-avt.		Gjennomført	Rullere samla kompetanseplan for Sandøy kommune, og sjå denne i samanheng med bruk av kompetansefondet. Medarbeidarundersøking. Vil bli gjennomført innan mai 2014 for heile organisasjonen..
			Ikkje gjennomført	Reforhandle bedriftshelsetenesteavtale frå 2009.
			Gjennomført	Vidareutvikle ein myndiggjerande og inkluderande arbeidskultur.
			Gjennomført	Syte for at prinsippa og oppfølgingsrutinane i IA-avtalen vert handheva.
Krise- og beredskap	Pbl		Ikkje gjennomført	Mål sjukefråvær i året maks 5 %. Pt på 6,9 %.
			Ikkje gjennomført	Hovudrullering kommunen sin Krise- og beredskapsplan, inkl. einingsvise ROS og beredskapsplanverk.
			Gjennomført	UMS befolkningsvarslring teke i bruk haust 2013 og må innarbeidast i planverk.
Informasjonstryggleik	KS 10/12		I gang	Kommunestyret gjorde i KS 10/12 Normen gjeldande for all



					<p>kommunal drift og sikring av informasjon. Under arbeid. eKommune Sunnmøre arbeider for en standard som ikkje er så omfattande for alle områder. Vi må samordne oss denne standarden.</p> <p>Gjennomføre brukarundersøkingar i heile organisasjonen i 2015 og søkje samarbeid med høgskole for gjennomføring.</p> <p>Klargjere høve til å klage på kommunale tenester.</p>
Innbyggjardialog	H-plan 14			<p>I gang</p> <p>Gjennomført internt</p>	
IKT-strategi	H-plan 14			<p>I gang</p> <p>Ikkje gjennomført</p> <p>I gang</p> <p>Under arbeid</p>	
Tidleg intervensjon barn og unge	H-plan 13			<p>Ikkje gjennomført</p> <p>I gang</p> <p>Under arbeid</p>	
Utviklingsprosjekt "Verdikommunen Sandøy"	H-plan 13			<p>Gjennomført</p>	
Kompetanse	H-plan 14			<p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Ikkje gjennomført</p> <p>I gang</p>	

			I gang	2 lærar startar opp vidareutdanning i matematikkfaget for 1.-7. klasse i frå hausten 2014. Kommunen fått tilskot med kr 250 000 til tiltaket frå Fylkesmannen. Leiaropplæring, bruk av ulike økonomi- og ressursstyringssystem. Investert i kompetansutvikling i tillitsvalde- og vernetenestefunksjonane.
» Lønsrevisjon»	KS 13/ 22		Gjennomført I gang I gang I gang I gang	Politikaropplæring på relevante område innan forvaltning. Heimla i reglement for delegering, ansvar til rådmannen. Med bakgrunn i revisjonsresultat som avdekkjer systemsvikt, vil det på eit spesifikt og generelt plan bli initiert eit arbeid med å utvikle eit langt betre system for internkontroll, rapportering/varsling av avvik, og utvikle kultur for bekymrings- og avviksmeldingar. Initiativet skal vidare ha som eit udiskutabelt mål å hindre at liknande hendingar skal skje igjen.
Arbeidsgjevarpolitikk og HMS		1	I gang  Gjennomført Gjennomført I gang I gang Ikkje gjennomført	Iverksetje og implementere tiltak nedfelt i Sandøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk Utarbeide ein rekrutteringsplan basert på framskriving av kompetansebehovet Opprioritere HMS-kompetansen for leiarar og verneombod Utvikle system for internkontroll Vidareutvikle ein myndiggjerande og inkluderande arbeidskultur Rullere Plan for lokal lønnsvurdering og lønnsdanning i samarbeid med AMU Syte for at prinsippa og oppfølgingsrutinane i IA-avtalen vert handheva

## POLITIKK

Planstrategi for Sandøy kommune			Ikke gjennomført	Pålegg etter plan- og bygningslova. Sandøy må syte for å få slik strategi politisk godkjend. Ferdigstilt innan desember 2014. Arbeidet vil bli starta ut i frå rådmannen sin eigenkapasitet. Ein må i arbeidet kome attende til behov for kjøp av tenester utanfrå.
Heilskapleg ROS			Ikke gjennomført	Pålegg etter plan- og bygningslova, og lov om kommunal beredskapsplikt. Alle tiltak som planleggjast skal vere forankra i ein ROS-analyse for å sikre at dei tiltak som vert prioriterte er forankra i behov og slik at ein kan gjere dei riktige prioriteringar ut frå faregrad og tilgjengelege ressursar. Arbeidet skal startast opp i 2014, og utførast med interne ressursar så langt som råd. Heilskapleg ROS for brann inngår i arbeidet. Her må vi kjøpe inn kompetanse og kapasitet frå Ålesund brannvesen.
Kommuneplan arealdel for Sandøy kommune	KS 11/26		I gang	Fylkesmannen gjennomført tilsyn på overordna kriseplanverk og kommunal beredskap i juni 14, og primo september gitt pålegg om retting av avvik
"Prosjekt Spareplan – prosessorganisering og vidare framdrift"	KS 13/52 KS 14/15		Gjennomført	Ferdigstilling og godkjenning i løpet av 2014.
"Namnsetjing av gater og vegar i Sandøy"	KS 13/5 KS 14/21 KS 14/34		Gjennomført	Siste vedtak namn kommunestyret 11.9.14. Skilting under planlegging
Endring i val av primærskulehus, Sandøy kommune 2012	KS 12/20 KS 12/5 KS 14/ 5		Gjennomført	Kommunestyre valte Ålesund sjukehus som primærskulehus
Energi og klimaplan for Sandøy kommune	KS 10/14		I gang	Aktiv fram til 2016
Oppretting av Sandøy gard- og ættesoge AS	KS 10/24		Gjennomført	Selskap formelt avvika frå juni 2014.
Delplan for idrett og fysisk aktivitet	KS 12/13		I gang	Oppfølging og årleg rullering av handlingsplan.
Sak/ arkivsystem 2012	KS 12/308 KS 12/ 49		I gang	Gjennomførast i samarbeid med eKommune Sunnmøre
Endring i den organisatoriske strukturen	KS 11/197 KS 11/ 25 KS 13/ 33 KS 14/ 18		Gjennomført	Gjennomført omorganisering av einingane Undervisningsteneste, Barnehageteneste og kulturelle tenester til felles eining Oppvekst og kultur frå 1.8.2014

Kommunestyre og formannskap				Ikkje gjennomført	Innføring av nettbrett for kommunestyrerepresentantane frå kommuneval 2015. Ephorte 2013/ 255 Start med forsøk frå 2014 med UKS og rådet for likestilling og funksjonshemma samt administrasjonen i 2014.
<b>KONTROLL OG REVISJON</b>					
Selskapskontroll	KS 13/13			Ukjent status for rådmannen	Selskapskontroll inn mot dei selskapa der Sandøy kommune er deleigar. Forutan eigarskapskontroll kan ein forvaltningsrevisjon bli utført dersom det blir vurdert som føremålstenleg. Selskapa er: 1. Ålesundregionens Interkommunale Miljøelskap IKS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon) 2. Sunnmøre Regionråd IKS 3. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS 4. SaHara Vassverk AS 5. Sandøy Energi AS 6. Øyvon AS 7. Komrev 3 IKS 8. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Lønsrevisjon	KS 13/ 22			I gang	Utvikle eit betre system for internkontroll, rapportering/varsling av avvik, og utvikle kultur for bekymrings- og avviksmeldingar
Forvaltningsrevisjonsplan for Sandøy kommune i perioden 2014-2017	Kontrollutvals-sak 13/			Ukjent status for rådmannen	<b>Prioritert i 2014,</b> 1) Revisjon av kvalitet på undervisningstenester og spesialundervisning, 2) Kvalitet på saksframlegg og vedtak i folkevalde organ
<b>SENTRALADMINISTRASJON OG STAB</b>					
Økonomikontoret	H-plan 14			I gang	Kapasitets - og kompetansutfordringar overordna budsjett og økonomistyring fram til tidlegare økonomisjef evt er tilbake frå permisjon 1.9. 2014
				Gjennomført	Mellombels avtale med Ålesund kommune frå i same periode.
				I gang	Sjå på totaliteten av tenestesamarbeid og tenestekjøp frå Ålesund kommune og forhandle fram ein samla tenestekjøpsavtale.
Sørvestorget	H-plan 14			Ikkje kapasitet til 2014, ser på i ny	Vidareutvikling av Sandøy kommune si heimeside, deriblant innføring og bruk av elektroniske skjema. Prioritet 2014

				digitaliserings- strategi eKommune	Planlegging og ansvar for Prosjekt arkivrydding og avlevering, der alle tilsette ved arkivtenesta vert involverte.  Felleskostnader vert redusert som følge av elektronisk korrespondanse og innkjøpssamarbeid.  Innføring av nettbrett etter overgang til nytt saks-/ arkivsystem forsøksordning 2014. Full innføring frå kommuneval 2015
Prosjekt Spareplan	KS 13/52			Gjennomført	Behandla i Formannskap i møte 2. september FS 13/ 42. Slutførast mot mai 2014, og innarbeidast i budsjettprosess 2015 frå juni 2014.
Energi og klimaplan for Sandøy kommune	KS 10/14			I gang	Aktiv fram til 2016. Leggjast til grunn ved planlegging av bruk og rehabilitering av all kommunal eigedomsmasse og innarbeidast i bustadsosial/ bustadpolitisk plan under arbeid.
Sak/ arkivsystem 2012	KS 12/308 og KS 12/49				Samarbeid med eKommune Sunnmøre. Oppstart Acos frå april 2015. Grunna meirarbeid, kompetanseheving og prosedyreutforming med dette må ekspedisjonstid og tilgjenge på sørviskontor for eksterne og interne brukarar reduserast. Gjennomførast med berna ekspedisjonstid kl 10.00-15.30 kvar dag og berre ein arbeidsplass i sørvisområde av gongen/ skjerming av andre tilsette.
Endring i den organisatoriske strukturen	KS 11/ 25/ KS 13/ 33			Gjennomført	Ny eining Oppvekst og kultur frå 1.8.2014
eKommune Sunnmøre	KS 12/ 48			Under arbeid	Oppfølging og kontroll med økonomiske ressursar i samarbeidet.
				Under arbeid	Oppfølging av inngått avtale om tenester, kompetanse og utviklingsprosjekt, samt leveringsoppfølging styrkast i 2014. Mål om å bygge ferdig infrastruktur, samkøyre lisensavtalar og ta i bruk dei fagprogram som effektiviserer produksjonen og styrkar internkontroll.
				Under arbeid	Prioritert oppgåve i eKommune samarbeidet i 2014 er: <ul style="list-style-type: none"> <li>• å styrke strategi og bestillarledd</li> </ul>

					<ul style="list-style-type: none"> <li>etablere/ styrke redundans på nettverk</li> <li>inngå rammeavtale med eksterne konsulentar til arbeid på kommunalt infrastruktur når eKommune sjølv ikkje har kapasitet eller kompetanse</li> </ul>
Årsmelding og rekneskap 2013	KS 14/26 og 14-27			Gjennomført	Årsmelding og årsrekneskap 2013 godkjend
Avtale om legevakt formidling med Molde sjukehus	KS 14/25			Gjennomført	Reforhandling avtalevilkår saman med ROR kommunane gjennomført og betre økonomisk avtale resultat.
Avlevering av arkiv til IKA Møre og Romsdal.	KS 14/23			I gang	I gang. Signert avtale med IKA. Ventar på fysisk overlevering av papirarkiv til rydding, digitalisering og arkivering
Arbeidskonfliktplan	KS 14/14			Gjennomført	Lagt til grunn ved konflikt vår/ sommar 2014
Sluttrapport PSP	KS 14/15			Gjennomført	Resultat av arbeidet lagt til grunn for arbeid med budsjett 2015 og omstillingsarbeid 2014
Samla kompetanseplan	KS 14/16			Gjennomført	Lagt til grunn for omstillingsiltak vår 2014 og i fortsettinga av omstillingsarbeidet
Retningslinjer for nedbemanning	KS 14/17			Gjennomført	Lagt til grunn for omstillingsiltak vår 2014 og i fortsettinga av omstillingsarbeidet
Revidering av finansreglementet Sandøy kommune	KS 14/8			Gjennomført	Gjennomført med ny forvaltningsstrategi. Står til rest nye prosedyrar som skal godkjennast av kommunerevisjonen haust 2014.
<b>LEGETENESTER</b>					
"Mission Possible", betre tverrfagleg arbeid for å identifisere og hjelpe born og unge som treng hjelp.	KS 13/				Ansvar for framdrift og prosjektorganisering HOT. Legetenesta deltek i prosjektet.
"Val av primærsjukehus for Sandøy kommune"	KS 12/ 5			I gang	Utført i KS 14/5 til primærsjukehus Ålesund sjukehus Kommuneoverlegen tek medansvar i samhandlingsreforma. Hovudansvar HOT.
Samordna med: Prosjektleing Samhandlingsreforma i Sandøy, eiming for helse og omsorg (HOT)				I gang. Vore med i "styringsdatakurs" gjennom KS	Vurdere førebyggjande aktivitet som kan redusere bruk av spesialisthelsetenester i samarbeid med HOT, sjå folkehelselova og pålegg om kommunen sitt samfunnsmedisinske ansvar. Analyse av tilgjengeleg data for bruk av spesialisthelseteneste til samhandlingsprosjekt.

## UNDERVISNINGSTENESTA

"Mission Possible", betre tverrfagleg arbeid i kommunen	KS 11/23 og 11/346			Utarbeide felles rutinar Realisere prosjektplan Satsing på den "vanskelege samtalen" vert gjennomført i august 2014
<u>Samordna med:</u> Felles tverrfagleg program for alle tenester som leverer tenester til born og unge i Sandøy Skulekantine, vidare drift	KS			Samarbeid med HOT som tidlegare
<u>Samordna med:</u> Helse og omsorg – kjøkken for matlevering og hygienekrav				
Prosjekt SparePlan - PSP	KS 13/30			Sluttrapport er fullført frå eininga og sendt til politisk behandling
Tilstandsrapport for grunnskulen				Vert lagt fram for politisk handsaming kvart år

## BARNEHAGETENESTA

Prosjekt Spareplan, PSP <b>Samordna med:</b> Rådmann, leiargruppa i Sandøy kommune	KS 13/30		I gang	Gjennomgang og vurdere resptensialet i sluttrapporten
"Mission Possible" Betre tverrfagleg arbeid i kommunen for å oppdage og gi rett hjelp til rett tid for barn og unge som treng det.	KS 11/23		I gang	Forpliktande samarbeid mellom skule, barnehage og hjelpeapparatet elles for å sikre utsette barn og unge i Sandøy kommune hjelp i tide
<u>Samordna med:</u> Felles tverrfagleg program for alle tenester som leverer tenester til barn og unge i Sandøy Plan for Kvalitetsstrategi	KS 10/39		I gang	Plan overgang barnehage -skule Samarbeidsplan for barnehage- barnevern Ressursteam
Plan for implementering av IKT tryggleik	KS 10/16		I gang	Styrke internkontroll arbeidet Styrke kvalitetsarbeidet
Revidere vedtekter for barnehagen			Ikkje gjennomført	Arbeidet er i gang
Utarbeide kompetanseplan 2014-2020			Gjennomført	Overføre tiltak til 2015 Er tatt i bruk

<b>KULTURELLE TENESTER</b>			
Namnsetjing av gater og vegar i Sandøy ”	KS 13/5	I gang	
Oppretting av Sandøy gards- og ættesoge AS	KS 10/24	Gjennomført	
Sluttføring bind 1, Sandøy gards og ettersoge			Avviklast hausten 2014
Delplan for idrett og fysisk aktivitet	KS 12/13	I gang	Oppfølging og årleg rullering av handlingsplan
Kulturskuleplan for Sandøy			Initierer ny plan for kulturskule i Sandøy som integrert tenestetilbod i grunnskulen, og i nært samarbeid med lokalt kulturliv
<b>HELSE OG OMSORGTENESTER</b>			
Sandøytunet 2014- 2016		I gang	Mulegheitstudiet frå ART er framlagt i folkemøte i juni 2014. Bestilling av ny utgreiing i møte 11.9.2014
Overflytting til nytt Ø- hjelp sjukehus		Gjennomført	Etablere god samhandling med nytt ø- hjelp sjukehus
Prosjekt Spareplan, PSP <b>Samordna med:</b> Rådmann, leiargruppa i Sandøy kommune	KS/ 13/30	I gang	Usikkert om vi kan behalde 10 senger i langtidsavdeling med den arbeidsplan/ ramme Jfr. krav til bemanning- kvalitet. For september vert bemanning høgare enn foresett i PSP.
”Mission Possible” <b>Samordna med:</b> Felles tverrfagleg program for alle tenester som leverer tenester til barn og unge i Sandøy	KS 11/346 og KS 11/ 23	I gang	Priortert område er psykisk helse, og utarbeiding av felles rutinar.
Samhandlingsreforma, og Meldingsløftet <b>Samordna med:</b> Spesialisthelsetenesta Legetenester i Sandøy	FS/ 11/86	I gang	Tiltak lokalt er sette i verk, og må kontinuerleg utviklast både når det gjeld samhandling og bruk av verkty. Helseforetak er snart i rute med kommunar
Plan for implementering av IKT- tryggleik Akuttseing for Sandøy kommune <b>Samordna med:</b> Legetenester i Sandøy	KS 10/16	I gang Gjennomført	Ein del tiltak er sette i verk, men mykje arbeid står igjen. Akutt seing for ø- hjelp er teke i bruk frå 1.1.2014. Tilskot godkjent av HS. dir, og Helseforetak
Elektronisk samhandling, fagsystem- økonomisystem <b>Samordna med:</b> Økonomikonator Folkehelse		I gang	Forenkle rutinar knytt til innkrevjing av brukarbetaling
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivitetsveke 2014</li> <li>• Bra mat for betre helse</li> </ul>		I gang	Gjennomført vellukka aktivitetsveke 2014. Bra mat for betre helse, gjennomført eit kurs for foreldre og



<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helsestasjon for eldre</li> </ul>				barn. Utkast prosjektplan helsestasjon for eldre prosjekt straks ferdigstilt
Kvalitetsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av tildelingsrutinar-sakshandsaming</li> <li>• Definere brukarbehov, kartlegge, å gjennomføre opplæring i fagapplikasjonar</li> <li>• Revisjon av medikamenthandtering knytt til leverandørskifte</li> <li>• Arshjul/ kontroll for alle deltenester</li> </ul>	KS/10/39		I gang	Rullering av internkontrollsystem, knytt til helse- og omsorgstenester. Styrke internkontrollarbeidet. - internrevisjon sak/ teneste  Forskingsbasert tilnærming på kvalitetsarbeid. Fullføre rapport om styringsdata.
Omsorgsplan 2015-2020 <ul style="list-style-type: none"> <li>• rullering av delplan psykisk helsearbeid</li> </ul>			Ikkje gjennomført	Planstrategi bør vere på plass før vi utarbeider fleire fagplanar- jfr. bruk av ressursar.